



Notat

Dato: 15.03.2016
Arkivsak: 2014/11889-22
Saksbehandlar: inggase

Til:	Per Morten Ekerhovd
Frå:	Inger Lena Gåsemyr, Ole Vegard Skauge, Sigrid Næsheim Bjercke

Tilleggsnotat til saksframlegg. Bergenhus - Dikkedokken - Privat detaljregulering - gnr. 165 bnr 555 m.fl. - Bergen kommune

Fylkeskonservatoren viser til politisk saksframlegg til Utval for kultur, idrett og regional utvikling datert 16.03.2016, og vil med dette komme med ei presisering knytt til planprosess og medverknad. I saksframlegget vert det diverre ved ein feil referert til at planfremjar ikkje har teke initiativ til dialog med Fylkeskonservatoren i planprosessen. Fylkeskonservatoren vil difor komme med ei presisering om at det har vore dialog knytt til undervegs møte og midtvegs møte i regi av Bergen kommune, samt e-postkorrespondanse med planfremjar knytt til automatisk freda kulturminne.

Ein har tidleg gjeve innspel om mogeleg konflikt med nasjonale og regionale kulturminneinteresser knytt til byggehøgde, kulturlandskap og sjøareal. Desse interessene har diverre ikkje vore hovudtema i planprosessen frå planfremjar si side. Vi kan difor ikkje sjå at våre faglege vurderingar og forslag til vedtak i politisk saksframlegg må endrast på bakgrunn av denne presiseringa.

Dialogmøter/e-postkorrespondansar som har funne stad er mellom anna:

1. Undervegs møte den 11.12.2014.
Fylkeskonservatoren deltok på dette møtet, der det vart gjeve innspel om at ein er kritisk til alternativ 2 (27 m) og at ein anbefaler at det vert laga ei kulturhistorisk stadanalyse.
2. Midtvegs møte med kommunen og planfremjar der tema var vegløysingar den 31.08.2015.
Her kunne Fylkeskonservatoren diverre ikkje stille på møtet. Vi gav då ei generell tilbakemelding på e-post til kommunen 04.09.2015 om at:

«Det er vanskeleg å kommentere dette utan å ha sett det som vart lagt fram i møtet. Vi viser til tidligare fråsegn til dei to planarbeida som koplast mot spørsmålet om fortau/ løysing for gåande og syklande. I tråd med dette kan ei mindre, tilpassa utviding gå an. Større utvidingar må varslast på nytt, og kan kome i konflikt med nasjonale og regionale kulturminneinteresser knytt til Dikkedokken, jf. tidligare fråsegn. Vi vil, med atterhald om å ikkje fullt kjenne det som er lagt fram, rå til å arbeide vidare med løysinga som tidligare er presentert med veg for gåande og syklande over dokkporten.»
3. Det har vore dialog på e-post om dei formelle mekanismane for arkeologiske kulturminne og søknad til Riksantikvaren.

Kopi: Eva Katrine Ritland Taule
Sigrid Næsheim Bjercke